



Emnerapport V2019:

GEO222 Sustainability in an Urbanising World

1. Informasjon om emnet

Emne	https://www.uib.no/emne/GEO222
Undervisningssemester	Vår 2019
Emneansvarleg	Kristin Kjærås og Ragnhild Overå
Vurderingsform	• Student paper, 40% of grade • Written exam 5 hours, 60% of grade
Undervisningsform	Lectures and seminars
Obligatoriske arbeidskrav	Compulsory seminars

2. Statistikk

Eksamensmeldt	31
Bestått	28
Ikke møtt	2
Stryk	1
Gjennomsnittskarakter	C

Karakterfordeling

Ordning	Antall studenter	A	B	C	D	E	F
OS Semesteroppgave og en skriftlig p	31	2	10	6	9	1	1
	%	7	36	21	32	4	
	%	7	34	21	31	3	3



3. Egenevaluering

Vurdering av undervisningsopplegget i forhold til mål og resultater (emneansvarlig)

Dette året var det første året for GEO222. Opplegget bygde i stor grad på dei siste års erfaringar frå GEO221, samt at byfokuset tematisk vart innretta meir gobalt der ein del element frå GEO231 vart teke med. Kristin Kjærås og Ragnhild Overå hadde erfaring frå begge desse tidlegare kursa og samarbeida om å lage ny emneskildring og pensum til GEO222. Dei delte også på emneansvaret.

Den raude tråden i kurset var berekraftsomgrepet langs dei tre dimensjonane miljø, sosial og økonomisk berekraft. Studentane var kanskje, spesielt i starten, mest opptekne av miljømessig berekraft i byar, men vi fekk etter kvart også inn meir fokus på sosial berekraft. Dilemmaet, m.a. i planlegging, om korleis å oppnå berekraft der den eine dimensjonen ofte er i konflikt med den andre og tredje, var også eit sentralt tema.

I den skriftlege oppgåva som tel 40% av karakteren, vart studentane bedde om å fokusere på berekraft i ein spesifikk (valgfri) by, og å bruke geografiske omgrep. Studentane opplevde det til dels vanskeleg å vite kva slags tema dei skulle velge og kva som var meint med geografiske omgrep og korleis bruke slik teori i oppgåva si. Det var godt oppmøte på open dag der studentane fekk 15 minutts rettleiing frå dei kursansvarlege i fellesskap. Vi trur at desse samtalane var til god hjelp for å avklare tema, teoribruk osv. Mange uttrykte behov for vidare oppfølging etter kvart også. Det var lurt å byrje arbeidet med oppgåva tidleg i kurset. Dette førte kanskje til at studentane tenkte meir over relevansen av tema og omgrep som vart presenterte undervegs i førelesingane.

Gjesteførelesarane fungerte stort sett bra, og vil vere viktige også i neste års kurs. Vi hadde også med studentane på eit interessant opplegg på kontoret til Byarkitekten i Bergen.

Seminara med seminarleiar Anna Dybwad Alstad fungerte svært godt.

Skriveseminaret fungerte godt og det er tydeleg at studentane har behov for meir kunnskap om akademisk skiving og praktiske øvingar der dei får rettleiing på konkrete oppgåver. Det var stor variasjon i studentanes skrivekunnskapar og skriveseminaret fungerte best for dei svakaste til middelsvake studentane.

4. Studentevaluering:

7 svar.


#1 I study GEO217 as part of:

Bachelor Programme in Geography at UiB: 4

Exchange programme: 2

Other: 1

#2 How do you assess the different parts of the learning and assessment?



#3 Do you have comments on the lectures?

Åpne kommentarfelt er fjerna.

#4 Do you have comments on the seminars?

Åpne kommentarfelt er fjerna.

#5 Do you have comments on the reading list?

Åpne kommentarfelt er fjerna.

#6 Do you have comments on the forms of assessment?

Åpne kommentarfelt er fjerna.

#7 Did you find that the course reflected the learning outcomes described in the course description? <http://www.uib.no/en/course/GEO222>

- Very good: 2
- Good: 4
- Poor: 1

#8 Did you find that the information at Mitt UiB, including announcements, was sufficient to keep you updated during the course?

- Yes: 7

#9 What is your joint evaluation of the course?

Very good: 4

Good: 2

Average: 1

#10 Do you have comments to your joint evaluation of the course?**#11 Do you have suggestions to how we can improve the course?**

Åpne kommentarfelt er fjerna.

5. Oppfølging

Oppfølging av/kommentarer til tidligere evalueringer. Hvordan rapporten følges opp, evt. tiltak eller endringer som er gjort/planlegges gjennomført på bakgrunn av emnerapporten

Vi vil halde fram med vurderingsforma med kombinasjon av skriftleg oppgåve og skuleeksamen. Vi vil også halde fram med seminara, og at dei skal vere obligatoriske. Ein ide frå seminarleiar er å innføre korte skriftlege oppgåver til kvart seminar. Har skal studenten skrive nokre få linjer, max ½ side, med t.d. ei omgrepsavklaring til kvart seminar. Seminarleiaren gir godkjent (+ og -)/ikkje godkjent. Dette opplevde ho som positiv studentaktivering ved ein anna lærestad, og det kunne vere fint å prøve dette hos oss.

Vi vurderer også å hjelpe studentane i gang tidleg i kuset med å melde seg på kollokviegrupper. I uformelle samtalar kom det fram at ein del studentar kunne ha ønska seg å vere med i slike grupper, men fann det vanskeleg å organisere sidan dei ikkje kjende dei andre som tok emnet. Vi kan enkelt legge til rette for dette via Mitt UiB.

Ut frå tilbakemeldingane om halvdagsseminaret med gruppediskusjonar av oppgåvene, kan vi vurdere om meir strukturerte presentasjonar av oppgåveutkast kan gi større utbytte.

Mykje av pensumet fungerte svært bra, noko fungerte mindre bra. Vi vil fortløpande revidere pensum. Faktisk var det to bøker på pensum, men berre enkeltkapittel i dei to bøkene. Vi held fram arbeidet med å finne ei passende lærebok.

Vi opplevde at studentane fann det spennande med kombinasjonen av det globale fokuset med empiriske eksempel frå Afrika, Latin-Amerika og Asia, og det europeiske, norske og heilt lokale fokuset med aktuelle eksempel frå Bergen.

Eit tema som er med på pensum men som vart mindre dekkja i førelesingane er migrasjon, demografi og rural-urban dynamikk. I alle fall ei førelesing vil fokusere på dette temaet neste år.